

**Kristin Rygg**

Associate Professor

Department of Professional and Intercultural Communication

NHH Norwegian School of Economics

Kristin.rygg@nhh.no

Tel 95982205

Bergen, 25.06.2026

Ekstern fagfelleevaluering av japanskfaget ved institutt for fremmedspråk, UiB.

Som ekstern fagfelle for japanskprogrammet ved UiB i perioden 2026-2029, har eg for 2026 blitt bedt om å vurdere: **det første året av det toårige programmet «Master i japansk».**

Det første året har denne strukturen:

1. semester (haust)

JAS301 – Anvendt lingvistikk og japansk (10 studiepoeng)

JAS302 – Moderne japansk historie og histografi (10 studiepoeng)

JAS303 – Japansk semantikk og oversettelse (10 studiepoeng)

2. semester (vår)

JAS304 – Metodar i avanserte Japan-studier (15 studiepoeng)

Val mellom Ling3013 – metode for språklege mastergrader eller HIS309 – Historikarens arbeidsmåtar (15 studiepoeng)

Fagfelleevalueringen er gjort basert på:

- Emnebeskrivelser for JAS301, JAS302, JAS303 og JAS304.
- Studentevalueringer av første semester (JAS301, JAS302 og JAS303) frå første kull, hausten 2023. Fire respondenter.
- Studentevaluering av JAS301 hausten 2025. Ein respondent. Dei andre faga dette semesteret finst det ikkje studentevalueringar frå.

- Samtale med fire studenter på andre kull 20. april 2026. JAS304 finst det foreløpig ikkje studentevalueringar frå.
- Samtale med dei tre emneansvarlege for emna nemnd over.

Emna JAS301, JAS302, JAS303, og JAS304

I følge *Rettleiar til kvalitetssystem for utdanning* blir fagfellar bedne om å vurdere samanhengen mellom læringsutbytteskildringane og lærings-, undervisnings- og vurderingsformene i eit studieprogram eller einskilde emne, samanhengen mellom emna i studieprogrammet, kvalitetsutviklingsarbeidet knytt til programmet, og om studietilbodet er fagleg oppdatert.

Læringsutbytteskildringa for masterprogrammet legg vekt på to fagområde, lingvistikk og historie. Under praktiske ferdigheiter blir det framheva at studentane skal kunne a) gjennomføre eit forskingsarbeid innan lingvistikk eller historie og b) nytte språkleg og kulturell kompetanse i spesialiserte omsetjingsprosjekt. Det kunne vere ein fordel om programomtalen i endå større grad synleggjorde korleis innsikter frå begge fagområda utfyller kvarandre og kjem til nytte i omsetjingsarbeidet. Ei tydelegare kopling mellom dei to disiplinane ville kunne styrkje inntrykket av den faglege samanhengen i programmet.

Ifølge faglærar omfattar emnet JAS301 – *Anvendt lingvistikk og japansk* ikkje berre framandspråksundervisning, men òg omsetjingsteori og omsetjingspraksis med vekt på japansk-norsk omsetjing og klarspråkstematikk (språkpolitikk). Samanhengen mellom desse tre delområda og deira samla relevans for studieprogrammet kunne med fordel kome endå tydelegare fram i emne- eller programomtalen.

Emnet JAS302 – *Moderne japansk historie og historiografi* har fokus på moderne japansk historie og historiografi. Læringsutbyttet om å utvikle «sensitivitet overfor spørsmål om kulturell omsetjing» synleggjer koplinga mellom historiefaget og praktisk omsetjing. Denne dimensjonen kunne eventuelt løftast endå tydelegare fram i programomtalen.

Emnet JAS303 – *Japansk semantikk og omsetjing* har, slik emneomtalen er formulert, òg element av pragmatikk. Emnet omfattar eit omfattande omsetjingsprosjekt med direkte kontakt med eksterne samarbeidspartnarar. I studentevalueringane og samtalen med studentane blir dette løfta fram som ein særleg lærerik og motiverande del av studiet. Arbeidslivsrelevansen kunne eventuelt styrkjast ytterlegare dersom fleire av prosjekta resulterte i tekstar som vart tekne i bruk eller publiserte i etterkant.

Ifølge emneomtalen skal JAS304 – *Metodar i avanserte Japan-studium* hjelpe studentane med å overføre kunnskap frå dei generelle metodekursera til studiar av spesifikt japanske problemstillingar. Emnet verkar å fylle eit viktig behov ved å tilpasse metodeundervisninga til

dei faglege og språklege utfordringane for masterstudentar i japansk som ikkje er dekkja av dei andre metodefaga.

Studentevalueringar

Med unntak av éi studentevaluering frå hausten 2025 stammar evalueringane frå det første studentkullet hausten 2023. Tilbakemeldingane er gjennomgåande positive og tyder på at studentgruppa har ei brei samansetjing når det gjeld faglege interesser. Det er difor naturleg at ulike delar av programmet blir opplevde som meir eller mindre relevante av ulike studentar. Samstundes gir evalueringane inntrykk av at studentane er medvitne om at dette er eit nytt studieprogram som framleis er under utvikling, og fleire av innspela deira er formulerte som konstruktive forslag til vidare utvikling både fagleg og organisatorisk.

Studentsamtale

Fire av seks studentar på det andre kullet deltok i samtalen.

Ifølgje studentane er opptakskravet bachelorgrad i japansk med minst karakteren C, i tillegg til tilrådd nivå 1 eller 2 på JLPT (Japanese Language Proficiency Test). Dei opplevde difor at masterprogrammet i avgrensa grad har som mål å heve den generelle språkkompetansen i japansk. I staden er hovudvekta lagd på å utvikle evna til å nytte japansk i omsetjingsarbeid og i forskning på masternivå.

Programomtalen opplyser at masteroppgåva skal ha eit språkvitskapleg eller historiefagleg fokus. Av dei fire studentane eg møtte, var tre først og fremst interesserte i omsetjing. Dette kom òg til uttrykk gjennom ønsket om å kunne velje eit metodeemne innan litteraturstudiar som supplement til dei metodeemna som i dag er tilgjengelege.

Studieprogrammet legg opp til datainnsamling og arbeid med masteroppgåva i det siste studieåret. Ingen av studentane eg snakka med, hadde på samtaletidspunktet planar om å reise til Japan i samband med datainnsamling. Dei peikte på at ordningane for studiefinansiering inneber at tema for masteroppgåva i praksis må vere avklart allereie tidleg i andre semester. Samstundes ser eg at studentane alt i JAS301 første hausten skal utarbeide ei prosjektskisse for masteroppgåva. Etter mi vurdering kunne programmet med fordel oppmode endå tydelegare til studie- eller forskingsopphald i Japan, særleg i tredje semester. Eit slikt opphald ville kunne styrkje både den språklege, faglege og interkulturelle kompetansen studentane tek med seg vidare. Dette kunne eventuelt støttast gjennom tettare kontakt med japanske samarbeidspartnarar, tilrettelegging for datainnsamling eller informasjon om relevante forskingsmiljø og konferansar.

Studentane skildra arbeids- og læringsmiljøet som svært godt og framheva særleg at undervisarane er opne, tilgjengelege og enkle å kome i kontakt med. Dei peikte likevel på at

arbeidsmengda tidvis blir konsentrert i enkelte periodar av semesteret, og oppmoda emneansvarlege til å koordinere fristar og arbeidskrav i endå større grad. Samstundes fekk eg inntrykk av at studentane hadde rom for sjølvstendig arbeid utanom den organiserte undervisninga. Dette kan tyde på at det framleis finst eit visst handlingsrom for å fordele arbeidskrava gjennom semesteret.

Samtale med emneansvarlege

Emneansvarlege gav gjennomgåande uttrykk for at dei er godt nøgde med utviklinga av eigne emne. For JAS302 – *Moderne japansk historie og historiografi* blei det peikt på at arbeidsmengda er justert noko ned samanlikna med første gjennomføring av emnet. Emneansvarleg meinte òg at mange studentar manglar tilstrekkelege forkunnskapar i japansk historie frå bachelorstudiet. Som følgje av dette har emnet utvikla seg i retning av å leggje større vekt på historiefagleg metode og analyse av historiske kjelder enn på ei brei fordjuping i moderne japansk historie.

Fleire av emneansvarlege peikte på at studentane utviklar ein tverrfagleg kompetanseprofil heller enn ei tydeleg spesialisering innan anten historie eller lingvistik. Samstundes framstod omsetjing som den naturlege raude tråden gjennom programmet. Dette kjem til uttrykk gjennom omsetjingsteori i JAS301, praktisk omsetjing i JAS303 og arbeid med historiske kjelder og kulturell omsetjing i JAS302 som førebuing til masteroppgåva. Denne samanhengen kunne etter mi vurdering gjerne kome endå tydelegare fram i programmtalen.

Ei meir praktisk problemstilling blei løfta av emneansvarleg for JAS304, som stilte spørsmål ved om eit emne på 15 studiepoeng har eit tilstrekkeleg arbeidsomfang når den organiserte undervisninga er avgrensa til eitt seminar i veka. Etter mi vurdering er arbeidsomfanget i eit masteremne først og fremst knytt til det samla læringsarbeidet, ikkje berre undervisningstimane. Dette kan tale for å leggje inn fleire sjølvstendige arbeidskrav gjennom semesteret. Ei slik løysing ville både kunne styrkje læringsutbyttet og bidra til den auka studentaktiviteten og ansvarleggjeringa som fleire av emneansvarlege etterlyste.

Heilheitsvurdering

Japansk har lenge vore eit populært språk å studere både på UiB og UiO, og det er svært gledeleg at desse studentane kan fortsette sine studiar på masternivå. Det er også bra at masterstudiet på UiB skiller seg frå masterstudiet i Oslo som har meir fokus på historie, politikk, religion og litteratur.

Etter mi vurdering kunne masterprogrammet med fordel ha ein endå tydelegare språkfagleg profil. Samanlikna med masterprogrammet ved UiO, som i større grad er eit områdestudium,

kunne det vere naturleg at UiB profilerte seg tydelegare innan lingvistikk, anvendt lingvistikk, omsetjingsvitskap og eventuelt litteratur. Ei slik profilering ville kunne understreke den språkfaglege eigenarten til programmet.

I samtalen med studentane merka eg meg at fleire av dei med særleg interesse for omsetjing fortalde at dei i liten grad las japansk skjønnlitteratur, verken på japansk eller i omsetjing. Dette overraska meg noko, ettersom litterær lesing ofte er ein viktig del av utviklinga av avansert språkkompetanse og kulturell forståing. Sjølv om fagmiljøet ikkje nødvendigvis har litteratur som sitt fremste spesialområde, kunne det vere verdt å vurdere om meir lesing av både fagprosa og skjønnlitteratur kunne inngå som ein naturleg del av programmet.

Målet ville ikkje vere å utdanne litteraturvitarar, men å gi studentane høve til å utvikle ei djupare forståing av japansk språk gjennom møte med ulike teksttypar, samstundes som dei får breiare innsikt i japansk kultur, historie og samfunn. Ei slik styrking av lesekomponenten ville òg kunne støtte opp under den historiske dimensjonen som allereie er ein del av programmet.

Auka vekt på sjølvstudium gjennom lesing av både faglitteratur og skjønnlitteratur ville etter mi vurdering kunne styrkje både språkkompetansen og den kultur- og samfunnsfaglege forståinga studentane tek med seg ut av studiet.